



MODALEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

- Møtedato: 22. juni 2022 kl. 09.00 – 13.45
- Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset
- Tilstades: Tom Kristian Thorsen (leiar) Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Linda Tollefsen (medlem) og Aud Almenningen Steinsland (vara).
- Forfall: Bjørn Helge Venås (medlem)
- Andre: Assisterande rådmann Tonje Husum Aarland
- Revisor: Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, revisor Linda Præstiin (via videolenke i sak 31/22), Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariat: Trude Bruket (ref.) og Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

27/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
28/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.05.2022	2
29/22 Skriv og meldingar.....	3
30/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret.....	4
31/22 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021	5
32/22 Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2020 med tema sjukelønsrefusjonar.....	6
33/22 Orientering om organisering, struktur, lokalisering av dagsentertilbodet for eldre	7
34/22 Aktuelt i Modalen kommune.....	8
35/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon: drøfting av tema og bestilling av prosjektplan...	9
36/22 Møteplan 2022	10
37/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.....	10
38/22 Eventuelt.....	11



27/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 22.06.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmigvedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 22.juni 2022 er godkjent.

28/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 04.05.2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 04.05.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmingvedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 04.05.2022 er godkjent slik den ligg føre.



29/22 SKRIV OG MELDINGAR

- a. Leiar i kontrollutvalet flyttar frå kommunen

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalsleiar Tom Kristian Thorsen orienterte om at han flyttar frå kommunen i løpet av sommaren. Kommunestyret må gjere suppleringsval til kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak einstemming vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



30/22 OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALET SI EIGENVURDERING UNDERVEGS I
PERIODEN 2019 – 2023: TEMA ROLLE OG SAMSPEL MED KOMMUNESTYRET

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte i 2022.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta eigenevalueringa med fokus på temaa forholdet til kommunestyret og rolle/mandat.

Eit konkret tiltak som kom opp var at kontrollutvalet kan bruka moglegheita til taletid på kommunestyret meir, i samband med årsmeldinga til kontrollutvalet og andre saker som går vidare til kommunestyret t.d.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte i 2022.



31/22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2021

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.

BEHANDLING I MØTET

Revisor Linda Præstiin orienterte om gjennomføring, funn og tilrådingar etter etterlevingskontrollen med temaet betaling for langtidsopphald på sjukeheim.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar hos revisor.

Assisterande rådmann, Tonje Husum Aarland, orienterte kort om tiltak som er gjort, og kva tiltak ein skal gjere, for å styrke området.

Kontrollutvalet kom med eit framlegg til ein del 2 i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har følgd opp tilrådingane frå revisor i løpet av hausten 2022.

Samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har følgd opp tilrådingane frå revisor i løpet av hausten 2022.



32/22 OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2020 MED TEMA SJUKELØNSREFUSJONAR

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Assisterande rådmann, Tonje Husum Aarland, orienterte om kva tiltak som er gjennomført for å betra arbeidet med sjukelønsrefusjonar. Presentasjonen vert lagt ved protokoll som vedlegg.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar hos assisterande rådmann.

Kontrollutvalet kom med eit felles framlegg til ein del 2 i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering når dei skriftlege rutinane rundt sjukelønsrefusjon er ferdigstilt.

Samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering når dei skriftlege rutinane rundt sjukelønsrefusjon er ferdigstilt.



33/22 ORIENTERING OM ORGANISERING, STRUKTUR, LOKALISERING AV DAGSENTERTILBODET FOR ELDRE

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Assisterende rådmann Tonje Husum Aarland orienterte om organisering, struktur og lokalisering av dagsentertilbudet for eldre. Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Med bakgrunn i informasjonen som kom fram ynskta kontrollutvalet å ta inn ein del to i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer informasjon om planen «Leve heile livet i Modalen» ved eit seinare høve.

Einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ynskjer informasjon om planen «Leve heile livet i Modalen» ved eit seinare høve.



34/22 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Assisterende rådmann orienterte om

- Busetjing av flyktningar.
- Modalsdagane.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



35/22 OPPFØLGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON: DRØFTING AV TEMA OG BESTILLING AV PROSJEKTPLAN

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vil med dette bestille framlegg til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema
2. Planen er tenkt handsama i første møte til hausten, 7. september.

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland orienterte overordna om kva moglegheiter det er for å velja tema for forvaltningsrevisjon, samt om moglege mål, problemstillingar og kriterium for innafør dei tre prioriterte tema; oppfølging av politiske vedtak, etikk, varsling og habilitet og internkontrollsystem. Presentasjonen vert lagt ved protokollen.

Kontrollutvalet drøfta tema og problemstillingar for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt saman med revisor. Det vil vere mogleg å gjennomføre to mindre forvaltningsrevisjonar innafør budsjetttramma.

Med bakgrunn i diskusjonen og drøftingane valte kontrollutvalet samrøystes temaet *oppfølging av politiske vedtak* for ein forvaltningsrevisjon, og tok dette inn i vedtaket.

Samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet vil med dette bestille framlegg til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema oppfølging av politiske vedtak.
2. Planen er tenkt handsama i første møte til hausten, 7. september.



36/22 MØTEPLAN 2022

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoar for møta står fast.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart ikkje handsama.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ingen vedtak.

37/22 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Ingen særskilte saker.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



38/22 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Neste møte i kontrollutvalet er tysdag 7. september kl. 09.00

Modalen, 22.06.2022

Tom Kristian Thorsen
Leiar i kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



Sjukelønrefusjon

Rutinar, ansvars- og oppgåvefordeling

Orientering i kontrollutvalet, 22.06.2022



Til sak 32: Sjukelønsrefusjon

«På bakgrunn av dei funna som er gjort vil vi tilrå kommunen å gjennomgå og supplere eksisterande rutinar med tanke på å tydeleggjere ansvar, roller og oppgåver knytt til sjukefråvær og sjukelønsrefusjonar samt å styrke kjennskap til rutinar og regelverk i for å redusere risikoen for feil og tap av refusjonar»

❖ Oppfølging av den sjukemelde:

- Tenesteleiar sitt ansvar i høve dialog med den tilsette, gjennomføre dialogmøter, kontakt med td NAV og fastlege, lage oppfølgingsplan og planlegge tilbakekomst
- Dei aller fleste sjukemeldingar kjem elektronisk i Altinn – tenesteleiar og løn har tilgang der
- Dersom sjukemelding på papir: leiar leverer til lønn/økonomi
- Kurs for leiarar i rutinar og regelverk ved bedriftshelseteneste og NAV er gjennomført

❖ Oppfølging av sjukelønsrefusjonar:

- Søknader om sjukeløn kjem via Altinn. Tilsett på løn får alle desse i Altinn med e-postvarsling – sender refusjonskrav
- Dersom sjukemelding på papir: leiar leverer til lønn/økonomi. Tilsett på løn føl opp desse i høve refusjon.



Vidare prosess for oppfølging


«På bakgrunn av dei funna som er gjort vil vi tilrå kommunen å gjennomgå og supplere eksisterande rutinar med tanke på å tydeleggjere ansvar, roller og oppgåver knytt til sjukefråvær og sjukelønsrefusjonar samt å styrke kjennskap til rutinar og regelverk i for å redusere risikoen for feil og tap av refusjonar»

- ❖ **Arbeide vidare med skriftleggjing av forbetra rutinar; særleg fokus på konkretisering av arbeidsdeling knytt til ansvars- og oppgåvedeling for hhv leiar, tilsett og lønsskontor i samband med sjukefråvær**
- ❖ **Implementering og gjennomgang med leiarar**
- ❖ **Evaluering og oppfølging av evt. nye innspel**



Organisasjonskart

*Tilsette i Modalen kommune:
78 faste tilsette per 31.12.2021
Totalt 114 tilsette i kommunen*





Pleie og omsorg

Organisering, struktur, lokalisering av dagsentertilbødet for eldre

Orientering i kontrollutvalet, 22.06.2022




Agenda

- ❖ Organisasjonskart
- ❖ Modalstunet bu og opptrening
- ❖ Dagsentertilbod / «onsdagstreffen»



Organisasjonskart

*Tilsette i Modalen kommune:
78 faste tilsette per 31.12.2021
Totalt 114 tilsette i kommunen*



→ **Tilsette ved pleie og omsorg per juni 2021:**

- 28 faste tilsette
- 1 lærling
- 1 aktivitør
- **Totalt 35** tilsette som har arbeidstad ved/knytt til Modalstunet



Modalstunet bu og opptrening

→ Totalt 25 personar har per juni 2022 vedtak på tenester innan pleie- og omsorg.

- ❖ Hovudbasen i pleie- og omsorgstenesta, og ligg på Øvre Helland
 - Heildøgns pleie- og omsorgsteneste

- ❖ Institusjon:
 - 8 – 10 bebuarar/brukarar
 - 2 leigeplassar til Alver kommune
 - Om lag 14 tilsette på jobb i løpet av eit døgn (onsdagar = 16 tilsette)


- ❖ Eiga kjøkken og vaskeri (inkl. middagsutlevering)

- ❖ Heimebaserte tenester
 - Døgnkontinuerleg tilbod til heimebuande; 12 personar per d.d.

- ❖ Heimehjelp/praktisk bistand:
 - 4 personar får tilbod per d.d.

- ❖ Tilbod om omsorgsløn

- ❖ Dagsentertilbod / «onsdagstreffen»



Dagsentertilbod / «onsdagstreffan»

- ❖ Aktivitør, saman med ein sjukepleiar
 - Rekruttering av ny aktivitør

- ❖ Målgruppe: Alle heimebuande eldre
 - Lovpålagt dagtilbod til demente, men ikkje lenger krav om diagnostisering
 - Ønskje om å tilby dette til alle heimebuande eldre

- ❖ Deltakarar per juni 2022: 11 personar
 - Fortløpande dialog med heimebuande om tilbodet

- ❖ Aktiviteter:
 - Trim (fast)
 - Quiz, bingo, curling, bowling o.l. aktiviteter
 - Handarbeid, handverk, baking o.l.
 - Tur i nærområdet
 - Lengre turar nokre gonger i året

- ❖ Lokalisering har under pandemien vore på Samfunnshuset på Øvre Helland, men er vanlegvis på Modalstunet



VESTLANDS
revisjon

«Drøftingsrunde»

Forvaltningsrevisjon 2022

Modalen kommune

Drøftingsrunde

- Overordna målsetting
 - Forvaltningsrevisjonen vert opplevd som nyttig for kommunen
- Drøftingsrunde før bestilling og utarbeiding av prosjektplan
 - Orienterer om ulike tema med døme på problemstillingar og vinklingar
 - Svare på spørsmål og vere med å skape eit godt grunnlag for val av tema for forvaltningsrevisjon
 - Utforming av problemstillingar som samsvarar best mogleg med kontrollutvalet sine ynskje for- og forventningar til prosjektet
 - Grunnlag for val av metodisk tilnærming
- Oppfølging av politiske vedtak
- Etikk, varsling og habilitet
- Internkontrollsystem

Oppfølging av politiske vedtak

- Utforming av vedtak
- System og rutinar for iverksetjing
- Blir system og rutinar følgd i praksis
- System og rutinar for kommunikasjon og tilbakemelding
- Får vedtaksinstans tilbakemelding i samsvar med føresetnadane i vedtaka?
- Får vedtaksinstans tilbakemelding dersom det er tilhøve som påverkar framdrift og iverksetjing?

Etikk, varsling og habilitet

- Har kommunen etiske retningslinjer/habilitetsreglar/varslingsrutinar
- Er etiske retningslinjer/habilitetsreglar/varslingsrutinar kjent blant tilsette og politikarar og vert dei etterlevd?

Internkontrollsystem

- Har kommunen etablert eit fungerande internkontrollsystem?
 - Overordna system som sikrar at internkontrollrutinar er samla, tilgjengeleg og oppdatert
 - Internkontrollrutinar som skildrar oppgåvefordeling og ansvarsfordeling
 - Kjennskap og eigarskap i organisasjonen
- Fokusområde?
 - Avvikssystem?
 - Sårbarheit?
 - Sektorar?

Framdrift

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vil med dette bestille framlegg til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema
2. Planen er tenkt handsama i første møte til hausten, 7. september.